



I samband med søknad om sosialhjelp har

NAV Samnanger fylgjande krav til søkjar:

1. **Du må vera aktiv arbeidssøklar.** Det vil seia at du må vera registrert som brukar av NAV på www.nav.no og sende meldekort til NAV kvar 14.dag. Du må ta kontakt med aktuelle arbeidsgivarar og søkja på aktuelle jobbar. Du må delta aktivt i den oppfølginga NAV kan tilby. Du må møta til timeavtalar du er kalla inn til og saman med NAV bidra til å kartleggja situasjonen din og delta på dei arbeidsretta tiltaka som vi vert samde om. Du må ta imot tilbod om arbeid, arbeidspraksis eller amokurs.
2. Dersom du grunna sjukdom ikkje kan vera arbeidssøkjande i ein periode skal dette vera dokumentert med **attest frå lækjar.**
3. Du må levera **kontoutskrift frå ALLE kontoar.** Dersom du er gift må du også levera kontoutskrift frå ektefellen sine kontoar. For nye søkjararar skal det leverast kontoutskrift for dei siste 3 månadane.
4. Du må levera **dokumentasjon** som viser **løn** og andre **inntekter.** Dersom du har **formue** må du levera dokumentasjon på det. Dersom du er gift må du levera dokumentasjon på løn og eventuelle andre inntekter og formue til ektefellen.
5. **Ved førstegangssøknad ber vi om at du leverer likningsattest frå året før.**
6. Du må levera **dokumentasjon** på **buutgifter** og andre godkjente utgifter. Dersom du leiger bustad skal kopi av husleigeavtalen leggjast ved søknaden. Dersom du eig bustad og har lån på bustaden skal lånepapir leggjast ved. For å dokumentera utgifter til straum, eventuelle kommunale avgifter og forsikring på bustad, skal siste rekning leggjast ved søknaden. Dersom du er gift skal dokumentasjon på godkjente utgifter til ektefellen leggjast ved.
7. Dersom du har samvær med born må du levera **samværsavtale.**

Søknad om sosialhjelp kan verta avslått grunna manglande dokumentasjon og/eller samarbeid med NAV for å skaffa seg arbeid/tiltak.

//
Postadresse: Tyssevegen 217 // 5650 TYSSE

Besøksadresse: Kommunehuset i Tysse // Tysse
Tel: 55 55 33 33 // Faks: 53 04 54 91

www.nav.no // nav.kontaktsenter@nav.no